



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Villmarka, Leikanger

**Møtedato:** 14.09.2018

**Tid:** 09:00 - 14:35

A. Ordførar Jon Håkon Odd ønskte velkomen til Leikanger

B. Desse møtte:

<b>Faste medlemmar</b>
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune
Noralv Distad, ordførar Aurland kommune
Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune
Kristin Sagerøy Råsberg, varaordførar Høyanger kommune
Jon Håkon Odd, ordførar Leikanger kommune
Marianne Bugge, formannskapsmedlem Luster kommune
Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune
Olav Turvoll, ordførar Vik kommune
Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune
<b>Medlemmar</b>
Karina Nerland, dagleg leiar
Jostein Aanestad, rådmann Sogndal kommune
<b>Andre</b>
Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
Halvor Dannevig, forskingsleiar Vestlandsforskning
Jørgen Hundseth, skogbrukssjef Balestrand kommune
Siri Ingvaldsen, fylkesbiblioteksjef og Gry Hatlelid, biblioteksjef Årdal kommune
Kristin Ruudsveen, NVIO Indre Sogn

B. Innkalling godkjent utan merknader.

C. Protokoll frå møtet 15.6.2018 godkjent utan merknader.

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
<b>11/18</b>	18/2796 <b>Fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag</b>
<b>12/18</b>	18/3043 <b>Integrering og inkludering</b>
<b>13/18</b>	18/2968 <b>Profilering til Framtidsfylket sine karrieremesser</b>
<b>14/18</b>	18/3013 <b>Møteplan for 2019</b>
<b>15/18</b>	18/2903 <b>Budsjettramme for 2019 Sogn regionråd</b>
<b>16/18</b>	18/472 <b>Orienteringssaker</b>

**Sak 11/18**  
**Fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag**

**Tilråding:**

Sogn regionråd er positiv til at Visit Sognefjord utgreier moglege løysingar for reisemålsbidrag som del av masterplan for reiselivssatsinga i Sogn 2020-2035. Utgreiinga vil innehalde utfordringar, modellar og forslag til reisemålsbidrag.

Det er føresett at Visit Sognefjord samkøyrer utgreiinga med relevante aktørar i regionen.

Sogn regionråd tek stilling til forslag til løysing når det ligg føre.

**Handsaming**

Næringsgruppa blir bedt om å følgje tett på utgreiingsarbeidet.

Jan Geir Solheim og Harald N. Offerdal tek eit møte med Visit Sognefjord om masterplanen for reiselivssatsinga.

Det var semje om følgjande tilføyning:

Det bør raskt avklarast kor mykje ein kan/bør krevja inn, kva pengane skal brukast til og kven som skal disponere midlane. Reisemålsbidrag bør forankrast i forskrift/pilotprosjekt.

**Vedtak:**

Sogn regionråd er positiv til at Visit Sognefjord utgreier moglege løysingar for reisemålsbidrag som del av masterplan for reiselivssatsinga i Sogn 2020-2035. Utgreiinga vil innehalde utfordringar, modellar og forslag til reisemålsbidrag.

Det er føresett at Visit Sognefjord samkøyrer utgreiinga med relevante aktørar i regionen.

Sogn regionråd tek stilling til forslag til løysing når det ligg føre.

Det bør raskt avklarast kor mykje ein kan/bør krevja inn, kva pengane skal brukast til og kven som skal disponere midlane. Reisemålsbidrag bør forankrast i forskrift/pilotprosjekt.

**Sak 12/18**  
**Integrering og inkludering**

**Tilråding:**

Sogn regionråd set av kr 70 000 av regionale utviklingsmidlar for 2018 til gjennomføring av arbeidsseminar om inkludering og integrering.

**Vedtak:**

Sogn regionråd set av kr 70 000 av regionale utviklingsmidlar for 2018 til gjennomføring av arbeidsseminar om inkludering og integrering.

**Sak 13/18**  
**Profilering til Framtidsfylket sine karrieremesser**

**Tilråding:**

Sogn regionråd set av kr 30 000 av regionale utviklingsmidlar for kvart av åra i 2018 og 2019 for å profilere Sogn til Framtidsfylket sine karrieremesser.

**Handsaming**

Yrkesgrupper som kommunane har særleg rekrutteringsbehov for bør inviterast til eige arrangement før karrieremessene.

**Vedtak:**

Sogn regionråd set av kr 30 000 av regionale utviklingsmidlar for kvart av åra i 2018 og 2019 for å profilere Sogn til Framtidsfylket sine karrieremesser.

**Sak 14/18**  
**Møteplan for 2019**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek slik møteplan for 2019:

Regionrådsmøte:

31. januar

24. april

14. juni

1. november

6. desember

Møte for interkommunale selskap:

26. april

18. oktober

**Handsaming**

Ordførarane deltek på Arendalsuka som byrjar 12. august 2019. LVK har ekstraordinært landsmøte 22.-23.5.2019.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek slik møteplan for 2019:

Regionrådsmøte:

31. januar

24. april

14. juni

1. november

6. desember

Møte for interkommunale selskap:

26. april

18. oktober

**Sak 15/18**  
**Budsjettramme for 2019 Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettramme for 2019 slik det ligg føre.

**Handsaming:**

Leiar informerte om at det vil bli gjennomført medarbeidersamtale og lønsfastsetjing for dagleg leiar.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek budsjettramme for 2019 slik det ligg føre.

**Sak 16/18**  
**Orienteringssaker**

1. Leiar
  - Viktig at medlemene melder inn saker til handsaming i rådet
2. Innspel frå medlemmane
  - Medlemene bør gje innspel på høyringar som bør gå frå rådet
  - Heile rådet bør vera med i møte med Hardangerrådet, Voss og Vaksdal. Aktuelle tema er blant anna samferdsle (veg, kollektivtilbod, flytilbod).
  - Rådmannsgruppa ønskjer å ta opp funksjonar og deltaking etter neste val.
  - Nye Sogndal kommune - kva innverknad har det på Sogn regionråd? Rådet sin funksjon bør vera ordførarorgan som set dagsorden. Rådet kan be om informasjon frå prosjektrådmann for nye Sogndal kommune.
3. Arbeidsgruppene
  - Helsegruppa:
    - i. Ultralydutstyr – møte med leiinga der investering av utstyr vil bli drøfta.
    - ii. Pasientstraumanalyse – ønskjer å kommentera rapporten i møtet med Helse Førde
    - iii. Prehospital plan – startar fase 2 denne hausten
    - iv. Stadleg leiar
    - v. KS har halvårlege møte med føretaksleiinga og rådet kan bringe inn tema.
4. Samferdslegruppa:
  - Vikafjellstunnelen: Vik har kontakta Voss om reguleringsplan for Kvasdalen
  - Hangar: positivt svar om i høve statsstøtteregulativet
  - Nasjonal rassikringsgruppa møter samferdslegruppa 6.11.2018
  - KVU-Skei -Håbakken: arbeidet pågår.
5. Rådmannsgruppa
  - Læreplassar: auka måltall frå 2 til 2,5
  - Innkjøpssamarbeid: ønske om at det inngår i Vestland fylkeskommune
  - IKT: kommunar går i lag med SYS-IKT
  - Arbeidsgjevarkontroll: behov for å styrka ordninga, lokalisert på sørsida
  - Kommunepsykolog: samarbeide med Helse Førde for å sikre stabil teneste. Sett ned ei arbeidsgruppe.
  - Integrering, jf eige sak
  - NAV-reform: informasjon om etablering av regionalkontor

6. Administrasjonen
  - Psykolog har sagt opp. Kontakt med høgskulen for ny utlysing.
  - Næringsnettverket møtest neste veke
  - Kompetanseutviklingsmidlar frå Fylkesmannen kr 800 000
  - Legevaktpiloten: Kommunane i fylket har fått tilskot for 3 år
7. Fellesgodefinansiering og reisemålsbidrag ved reiselivsdirektør Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord. Presentasjonen er lagt ved.
8. Prosjekt om klimatilpassing som miljøteknologisatsing i Sogn og Nasjonalt kunnskapssenter om berekraftig klimatilpassing v/ forskingsleiar Halvor Dannevig, Vestlandsforskning. Næringsnettverket får informasjon om senteret og ideen til prosjekt. Presentasjonen er lagt ved.
9. Vidareføring av prosjekt Skog i Sogn ved skogbrukssjef Jørgen Hundseth, Balestrand kommune. Presentasjonen er lagt ved. Rådmannsgruppa får saka til vurdering.
10. Bibliotek som møteplass og formidlingsarena ved fylkesbiblioteksjef Siri Ingvaldsen og biblioteksjef Gry Hatlelid, Årdal kommune. Biblioteksjefane i regionen deltok. Presentasjonen er lagt ved.
11. Orientering om stadleg leiging ved lokalsjukehusa. Evaluering av rolla: Temaet gjekk ut grunna forfall.
12. Veteranarbeid i indre Sogn ved Kristin Ruudsveen, NVIO Indre Sogn. Presentasjonen er lagt ved. Det bør lagast ein regional veteranplan og oppnemnast kontaktperson i kvar kommune.

Jan Geir Solheim  
leiar

Jarle Aarvoll

Arild Ingar Lægreid

Karina Nerland  
dagleg leiar